

# Statsforvaltarens tilråding til Miljødirektoratet om vern av 3 skogområde i Rogaland

Lægdene i Sauda kommune  
Baklåsjuvet i Suldal kommune  
Utviding ved Rekedal naturreservat i Sokndal  
kommune



*Foto frå venstre: Lægdene (Per G. Ihlen), Baklåsjuvet (S.E. Torvik) og Søre Rekedal (S.E. Torvik)*

Statsforvaltaren i Rogaland, juni 2026

# Innhald

1. FORSLAG.....	3
1.1 Heimelsgrunnlag .....	3
1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget .....	4
1.3 Andre interesser.....	5
1.4 Planstatus.....	5
2. SAKSHANDSAMING .....	6
2.1 Sakshandsamingsprosessar.....	6
2.2 Forholdet til utredningsinstruksen .....	6
2.3 Forvaltningsmynde .....	6
3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER HANDSAMINGA AV VERNEPLANEN .....	7
3.1 Namn.....	7
3.2 Avgrensing.....	7
3.3 Verneforskriftene.....	7
4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK .....	7
5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR .....	8
5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar .....	8
5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar .....	8
5.3 Avveging skogvern – skogbruk.....	8
5.4 Forvaltningsmyndigheit .....	9
6. SKILDRING AV KVART EINSKILD OMRÅDE MED MERKNADER .....	10
6.2 Lægdene naturreservat, Sauda kommune.....	10
6.3 Baklåsjuvet naturreservat, Suldal kommune .....	15
6.4 Søre Rekedal naturreservat, Sokndal kommune .....	18
7. Vedlegg .....	23

# 1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Rogaland tilrår vern av tre nye skogområde i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Av dei tre skogområda som blir foreslåtte verna, er to område nye naturreservat, mens eit område er ei utviding som blir slått saman med ein del av eksisterande Rekedal naturreservat og tilrådd med nytt namn og ny verneforskrift. Samstundes blir arealet av det eksisterande naturreservatet redusert til å omfatta berre ein eigedom.

Tilrådinga omfattar 1 077 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 985 dekar, og av dette er 675 dekar produktiv skog.

Skogområda som blir foreslåtte verna, er:

1. **Lægdene naturreservat**, Sauda kommune, Rogaland fylke. Areal 554 daa.
2. **Baklåsjuvet naturreservat**, Suldal kommune, Rogaland fylke. Areal 374 daa.
3. **Søre Rekedal naturreservat**, Sokndal kommune, Rogaland fylke. Areal utviding 149 daa, totalt 267 daa.

Samstundes blir eksisterande Rekedal naturreservatet foreslått med redusert areal:

4. **Rekedal naturreservat**, Sokndal kommune, Rogaland fylke. Nytt areal 136 daa.

## 1.1 Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjør ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane  
*a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),*  
*b (artar og genetisk mangfald),*  
*c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).*

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.
- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
- Ingen trua artar og naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

## 1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Dei foreslåtte verneområda inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av områda bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Dei foreslåtte verneområda har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er rike edellauvskogar av ulike typar, som har stort potensiale for sjeldne og sårbare artar. Noko av skogen er eldre og gammal, særleg i Lægdene, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatililtak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for områda knytt til tre ulik rike edellauvskogar som er raudlista naturtypar og dei vil bidra til å bevare trua og nær trua artar. Raudlista rike edellauvskogar bidrar til å fylle manglar i skogvernet både på regionalt og nasjonalt nivå.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaga er innhenta frå skogfaglege rapportar, Naturbase og Artskart.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i områda som blir foreslåtte verna er hogst, ulike typar utbyggingar, hyttebygging og driftendringar. Vern av dei foreslåtte områda skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Områda vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskriftene opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det difor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan at den ansvarlege betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i områda.

Statsforvaltaren vurderer det sånn at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5, og at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldlova § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Etter Statsforvaltarens oppfatning føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir difor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare skildring av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldlova kapittel II, blir det vist til omtalen av kvart enkelt verneområde i kapittel 6.

Dersom områda ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

### 1.3 Andre interesser

Det går ingen kraftleidningar gjennom eller tett på nokon av verneforslaga og det er heller ikkje regulerte vassdrag. Det er ikkje registrert mineralførekomst eller digitale kraftpotensial innanfor nokon av områda.

Rekedal naturreservat, med den foreslåtte utvidinga, ligg i eit kartlagd friluftsområde av typen *stort turområde utan tilrettelegging* med områdeverdi *svært viktig* (FK00048724 - S4 – Rekedal).

Verneforslaget Lægdene naturreservat ligg tett på eit kartlagt friluftslivsområde av typen *stort turområde utan tilrettelegging* med områdeverdi *viktig*. Friluftsområdet er avgrensa oppe på fjellet og går difor ikkje ned i lisdida der foreslått verneområde ligg (FK00034282 – Saudafjella).

### 1.4 Planstatus

Alle areala i denne verneplanen er avsett som LNFR-område i kommuneplanane til dei respektive kommunane.

## 2. SAKSHANDSAMING

### 2.1 Sakshandsamingsprosessar

Alle områda er kome som tilbod frå grunneigarar via ein skogeigarorganisasjon, i dette tilfellet AT Skog, gjennom ordninga frivillig vern av skog. Tabell 1 viser datoar for tilbod, kartlegging, oppstart og høyring. To av områda, Lægdene og Baklåsjuvet, har blitt liggande lenge før oppstartsmelding blei sendt ut offentleg. Dette har fleire årsaker, men noko ligg hjå Statsforvaltaren og skuldast delvis kapasitet. For området i Sauda venta me ei stund på klarsignal angående ein eigedom som til slutt blei trekt attende. I Suldal var det blant anna usikkerheit i samband med brems i skogvernet i 2022/2023 og nye prioriteringar på regionalt nivå som spelte inn.

Tabell 1. Oversikt over viktige datoar.

	Lægdene (opphavleg Vetrhus)	Baklåsjuvet (opphavleg Andvika)	Rekedal utviding
Tilbod	03. april 2020	22.03.2021	10. januar 2023
Kartlagd	2020 / 2023	2021	2023
Synfart av Statsforvaltar	25. august 2020	21. mai 2024	07. mai 2025
Oppstart	05. september 2025	05. september 2025	05. september 2025
Høyring	02.02. - 08.04.2026	02.02. - 08.04.2026	02.02. - 08.04.2026

### 2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaga er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 er verdien og kvaliteten i verneforslaga grunngeve på overordna nivå og samanhengen med regionale, nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Der er også kort omtalt kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 2 er sakshandsamingsprosessen lista. Kapittel 3 tar føre seg viktige endringar i namn, verneavgrensing og verneforskrift. Kapittel 5 viser til samfunnsnytta av verneforslaga vurdert på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. Avvegingar mellom skogvern og skogbruk er kort omtalt her. I kapittel 6 er kvart einskild verneforslag presentert med verneformål og særskilte verneverdiar og omtale av inngrepsstatus og andre interesser. Vidare omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader som har kome inn frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper, under kvart verneforslag. Undervegs i verneplanprosessen er det gjort avvegingar mellom verneverdiane i områda og andre brukar- og samfunnsinteresser, og om naudsynt, er det gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaga. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldlova § 14 er dermed oppfylt.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

### 2.3 Forvaltningsmynde

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

## 3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER HANDSAMINGA AV VERNEPLANEN

### 3.1 Namn

Skrivemåten blir tilrådd endra for følgjande område:

- Vetrhus / Legdene blir endra til Lægdene naturreservat.
- Andvika blei endra til Baklåsjuvet naturreservat.
- Rekedal blir endra til Søre Rekedal naturreservat.

### 3.2 Avgrensing

Det er ikkje gjennomført endring i avgrensing for Lægdene eller Baklåsjuvet etter høyringa.

#### **Søre Rekedal naturreservat og Rekedal naturreservat**

Det er ikkje gjennomført endring i avgrensinga for utvidinga (tilbodsarealet) etter høyringa.

Det er likevel gjort arealendringar i det eksisterande verneområdet. Rekedal naturreservat blir delt slik at det blir etablert eit nytt verneområde av den sørvestlege delen av naturreservatet saman med utvidinga. Dette området får nytt namn, Søre Rekedal naturreservat, og ny verneforskrift.

Samstundes vil Rekedal naturreservat framleis vil eksistera, men med endra vernegrense og redusert areal. Sjå kapittel 6.4 for detaljert endring.

### 3.3 Verneforskriftene

Det er ikkje gjennomført endring i verneforskrifta til Baklåsjuvet etter høyringa.

I verneforskrifta til Lægdene er «*og fiske*» fjerna frå § 4 bokstav b då det ikkje er fiskevatn.

#### **Rekedal naturreservat**

Rekedal naturreservat beheld verneforskrifta frå 1984, men denne blir endra i høve kva eigedommar som inngår, og dermed blir også arealet redusert. Verneforskrifta elles blir lik som den har vore.

#### **Søre Rekedal naturreservat**

Den tilbodne utvidinga blir slått saman med ein del av eksisterande naturreservat, og dette blir eit nytt verneområde med nytt namn og ny verneforskrift.

## 4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir foreslått endra som følgje av den nye verneplanen for utviding av Rekedal naturreservat:

*Forskrift 21.12.1984 nr. 2210 om fredning for Rekedal naturreservat, Sokndal kommune, Rogaland*

## 5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

### 5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Dei tre områda er i arealplanane til sine respektive kommunar, avsett til Landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområde (LNFR-område).

Kartleggingar av naturverdiane i områda er gjennomførte som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for mellom anna skogbruk, jordbruk, mineralutvinning, regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det vil også avgrense framtidig tilrettelegging for utstrekt friluftsbuk og for friluftsliv som treng tilretteleggingar. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å ta vare på naturmangfaldet med trua og nær trua naturtypar og artar og andre prioriterte skogtypar. Verneforslaga vil ta vare på leveområde og funksjonsområde mange ulike organismar. Verneforslaga vil også sikre viktige område for enkelt friluftsliv.

### 5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområda vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. Det vil kunne vere naudsynt å fjerne framande artar i alle verneområda, til dømes spreidd gran, platanlønn og eventuelt andre artar. I tillegg vil det vere behov for å restaurere natur i delar av Lægdene naturreservat der det er plantefelt med gran.

### 5.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverking og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 08.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

I denne verneplanen er både Lægdene og Baklåsjuvet tilboden for frivillig vern av grunneigar før 01.02.2022. Dei er difor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Det er likevel gjort ei vurdering også av dei to områda.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1 <sup>1)</sup>
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1 <sup>1)</sup>
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
	Betydning for tømmer tilgangen								

Figur 1. Matrise for kva området betyr for tømmer tilgangen og betydning for vern. Grøne område angir område der vern skal prioriterast framfor skogbruk, raude ruter angir at tømmer tilgangen skal prioriterast framfor vern og gult felt angir område som må vurderast nærare av Statsforvaltaren.

Betydning for tømmer tilgangen blir vurdert for det arealet som er tilbode, medan betydning for vern blir vurdert for verneverdig areal innanfor tilbodet. Alle dei områda som no blir foreslåtte for vern ligg innanfor dei kategoriane som skal prioriterast for vern (grøne ruter). Gjennom verneprosessen er det gjort tilpassingar mot skogbruksinteresser og andre interesser.

Område	Betydning for vern og tømmer tilgang	Tilbode areal	Areal foreslått for vern
Utviding av Rekedal naturreservat	V2S6	150 daa	150 daa
Lægdene naturreservat	V2S6	554 daa	554 daa
Baklåsjuvet naturreservat	V3S6	5702 daa	374 daa
Totalt	Har betydning for vern. Har mindre betydning for tømmer tilgang	5406 daa	1078 daa

## 5.4 Forvaltningsmyndigheit

Statsforvaltaren har i samband med høyringa fått stadfesta at Suldal kommune ønskjer forvaltningsmyndigheit for Baklåsjuvet naturreservat, slik dei har for dei andre verneområda i kommunen.

Statsforvaltaren får forvaltningsmyndigheit i Lægdene naturreservat og Rekedal naturreservat, sånn dei har dei andre verneområda i Sauda og Sokndal kommunar.

## 6. SKILDRING AV KVART EINSKILD OMRÅDE MED MERKNADER

### 6.2 Lægdene naturreservat, Sauda kommune

Totalareal 554 dekar.

Skogareal totalt 472 dekar.

Produktiv skog 373 dekar.

#### Verneformål og særskilte verneverdiar:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som den trua naturtypen frisk rik edellauvskog samt fleire artar av trua og nær trua artar
- representerer ein bestemt type natur som referanse for fuktskogselementet i indre fjordstrøk i form av oseanisk eldre furu- og blandingskog, samt frisk rik edellauvskog med enkelte styvar
- på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald med førekomst av fuktkevande lav- og moseartar i oseaniske strøk.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

Lægdene ligg i ei vestvendt, bratt lisode på austsida av Saudafjorden, i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk seksjon (O3). Sørleg del av området har fått ein høg skogvernindeks på 5,25, noko som er ein særleg god verdi i Rogaland og indikerer stor regional og mot nasjonal verneverdi. Nordleg del er kartlagd med ein eldre metode. Skogvernverdiane er særleg knytt til stor naturskognærleik og stort naturgitt mangfald. Naturskognærleiken kjem tydeleg fram gjennom mykje liggande og ståande død ved i ulike nedbrytingsstadium, stor førekomst av store gamle tre, samt innslag av hule lauvtre. Desse strukturelle kvalitetane vitnar om lang kontinuitet og avgrensa menneskeleg påverknad. Det naturgitte mangfaldet skuldast mykje *frisk rik edellauvskog* av typen alm-lindeskog, med god førekomst av ask (EN), alm (EN), lind (NT) og hassel. Denne naturtypen er vurdert som nær trua (NT). Særleg i dei bratte og lågareliggjande areala langs fjorden finst mange grove og eldre styvingstre av ask og alm, men òg i høgareliggjande område finst styvingstre. I den nordaustlege delen er det eldre furudominert skog med god kontinuitet av død ved, samt innslag av grov osp, bjørk og rogn. På rogn og selje er det dokumentert lungeneversamfunn med typiske artar som lungenever, kystblåfiltlav (NT), vanlig blåfiltlav, glyelav-art, grynfiltilav, stiftfiltlav, skjellnever, skrukkenever og grynvrenge. Lungenever-samfunn indikerer stabilt fuktig lokalklima og kan gje potensial for boreonemoral regnskog, men typiske regskogsartar blei ikkje funne.

Det er dokumentert førekomst av 6 raudlista og omsynskrevjande artar, ask (EN), alm (EN), granmeis (VU), bleik kraterlav (VU), lind (NT) og kystblåfiltlav (NT), og 5 ansvarsartar av mose (grannkrekemose, lyngtorvmose, heimose, vingemose, og kystblåfiltlav (NT)), syner høg økologisk kvalitet. I tillegg er prakthinnelav (VU) registrert i synfaringsrapporten frå 2020 (ikkje kartfesta) og skorpefiltlav (NT) nemnd i kartleggingsrapporten og kartfesta nokså nær utanfor verneforslaget (Artskart). Kvitryggspett er ein spesielt omsynskrevjande art som er dokumentert i verneforslaget, saman med flaggspett. Vidare er det gjort mange registreringar av spettefuglar i skogområda like nord for verneforslaget, t.d. grønspekk og gråspekk, i tillegg til dei to førstnemnde. Det er sannsynleg at spettefuglar også nyttar skogen i verneforslaget.

Kartlegging viser at skogvernverdiene også held fram sør for verneforslaget (jf. Skogvernrapporten).

I verneforslaget er det eit par område med planta granskog. Statsforvalteren ser stort behov for å fjerna desse og vil forsøka å gå raskt i gang med dette. Plantefelta står i nokså vanskeleg og bratt terreng, og med fare for øydelegging av anna verdifull skog ved å gå inn med hogstmaskinar. Truleg vil det raskaste og mest økonomiske vere å ringbarka trea og la dei stå til dei fell sjølv. Dette vil over tid gje ein skog med mykje død ved der biologisk mangfald ikkje fjernast frå reservatet, men etterlatast til naturleg nedbryting. Dette vil naturlegvis komma med ein viss kostnad. Statsforvaltaren vil kontakta nokre entreprenørselskap og be om tilbod.

Lægdene vurderast å ha svært stor verneverdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med den nær trua naturtypen *frisk rik edellauvskog med utforminga almlindeskog* som er ein prioritert naturtype i vår region. Området dekkjer også manglar i skogvernet ved at det i hovudsak er lågareliggende (< 300 moh) og ligg i sørboreal vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon. Foreslått verneområdet vil ha godt kjerneareal som famnar edellauvskog i dei nedre partia mot fjorden og gammal furuskog i øvre parti. Tilnærma heile området er vurdert med god naturskognærleik med mykje død ved. Område vil etablera eit svært godt økologisk nettverk med to nærliggjande skogvernområde på andre sida av Saudafjorden, Honganvik og Vikaneset.

#### Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er sparsamt med stiar, men det går ein traktorveg inn i området frå søraust.

Det finst nokre areal med granplantefelt sentralt i sørleg del av foreslått verneområde. Plantefelt med gran er det ønskeleg å ta ut av verneområdet og restaurera tilbake til edellauvskog.

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av foreslått verneområde og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial. Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar.

Verneforslaget ligg tett på Saudafjella, eit kartlagt friluftslivsområde av typen stort turområde utan tilrettelegging med områdeverdi viktig. Friluftsområdet er avgrensa oppe på fjellet og går difor ikkje ned i lisa der foreslått verneområde ligg. Vidare ligg foreslått verneområde i vestleg del av eit nasjonalt viktig landskap «Heiområdet mellom Saudafjorden, Hylsfjorden og Hamrabø» (Viktig landskap i Rogaland, Temakart Rogaland)

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Det er kartfesta ein husmannsplass på vernekartet (informasjon frå grunneigar).

Heile verneforslaget er i kommuneplan for Sauda kommune avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift (*LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden*).

#### Samandrag av høyringsfråsegnene:

Alle verneforslaga i denne tilrådinga blei sendt på samla høyring 02.02.2026. Høyringsmottakarane er difor dei same og omfattar grunneigarar, naboar til verneforslaga og alle kommunane i Rogaland, jf. adresselista som også er vedlagt tilrådinga. Vidare blei høyringa sendt til alle lokale, regionale og nasjonale instansar som er oppgitt under, jf. adresselista:

Arkeologisk museum UIS, Avinor AS, Bane NOR SF, BirdLife Norge, BirdLife Rogaland, Dalane Energi, Direktoratet for Mineralforvaltning, Den Norske Turistforening, Enida AS, Fagne AS,

Forsvarsbygg, Forum for natur og friluftsliv Rogaland, Framtiden i våre hender, Friluftsrådernes Landsforbund, Friluftsrådet Vest, Haugaland Kraft AS, Haugaland sopp og nyttevekstforening, Haugesund Turistforening, Jernbanedirektoratet, Jæren Everk, Jæren Turlag, Jærsoppen, KE nett, Klima- og Miljødepartementet, Kommunal- og Distriktsdepartementet, Landbruksdirektoratet, Landbruks- og Matdepartementet, Lnett AS, Luftfartstilsynet, Lyse Kraft DA, Lysefjorden Utvikling, Miljødirektoratet, Miljøstiftelsen Bellona, Natur og Ungdom, Natur og Ungdom Rogaland, Naturvernforbundet i Rogaland, Norges Geologiske Undersøkelser, NHO Reiseliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Norsk institutt for naturforskning (NINA), Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Bondelag, Norges Fjellstyresamband, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, avd. Rogaland, Norges Miljøvernforbund, Norges Naturvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges Skogeierforbund, Norsk Bergindustri, Norsk Biologforening BIO, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk Industri, Norsk Organisasjon for Terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Oljedirektoratet, Riksantikvaren, Rogaland Bonde & Småbrukarlag, Rogaland Bondelag, Rogaland Botaniske Forening, Rogaland flaggermusgruppe (Nordisk Informasjonssenter for Flaggermus, NIFF), Rogaland fylkeskommune, Rogaland Idrettskrets, Rogaland Orienteringskrets, Rogaland Sau og Geit, Ryfylke Friluftsråd, Ryfylkemuseet, SABIMA, Sauda Turlag, Skogselskapet, Skogselskapet i Rogaland, Språkrådet, Statens Kartverket, Statens vegvesen, Statkraft SF, Statnett SF, Statskog SF, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, WWF-Norge.

Det kom inn 7 høyringsuttalar til verneforslaget Lægdene. Til oppstartsmeldinga kom 8 merknader.

Bane NOR, Jernbanedirektoratet og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har uttala seg og har ingen merknader til verneforslaget.

Forum for natur og friluftsliv Rogaland (FNF Rogaland) har uttala seg og vil gje ein tydeleg positiv uttale og støtte til det langsiktige arbeidet med frivillig skogvern som eit av dei viktigaste verkemidlane for å ta vare på norsk naturmangfald. Dei peiker på at området representerer verdifull og til dels sjeldan skognatur som inkluderer edellauvskog og oseanisk gammal furuskog. Dei støttar at tradisjonelt og enkelt friluftsliv som ferdsel, bærplukking og jakt framleis skal vere tillate, og seier dette er viktig for innbygarane sine moglegheiter til naturopplevingar og folkehelse. Dei stillar seg fullt og heilt bak Statsforvaltarens tilråding.

Rogaland fylkeskommune uttalar at verneforslaget er positivt for friluftslivet då urørt eller lite påverka skogsområde gir ein særeigen naturoppleving. Ved vern tar ein vare på slike område for framtida. Frå eit friluftslivsperspektiv er det ønskeleg at en legg til rette for at områda er opne for allmenten til enkel ferdsel og bruk. Fylkeskommunen påpeiker at Lægdene ligg delvis innanfor det kartlagde og verdsette friluftsområdet Saudafjella (ID FK 00034282).

Grunneigar Olav Veka har sendt ein merknad om at det namneforslaget i høyringa, Ospetindane, ikkje var ønskt som namn. Han foreslo i staden Lægdene som er namnet på husmannsplassen som ligg inne i verneforslaget. Namneforslaget var drøfta med den andre grunneigaren.

Språkrådet har sendt ny uttale til høyringa og tilrår der namnet Lægdene naturreservat.

#### **Statsforvaltarens kommentarar:**

Alle verneforslaga er opne for enkelt friluftsliv utan tilrettelegging, med moglegheit for sinking av bær og matsopp og jakt etter gjeldande reglar. Statsforvaltaren meiner at friluftsliv og jakt ikkje blir påverka eller forringa på grunnlag av vernet.

Statsforvaltaren støtter grunneigarane og Språkrådet sitt namneforslag Lægdene naturreservat. Statsforvaltaren har kontakta Kartverket på telefon og fått stadfesta at Lægdene kan nyttast.

## Viktige endringar etter høyringa i Lægdene naturreservat

### Namn

Tilbudsarealet heitte opphavleg Vetrhus, jf. oppstartsmeldinga. I høyringsdokumentet blei Legdene foreslått. Uttalar til høyringa gjer at Statsforvaltaren no tilrår Lægdene naturreservat.

### Verneforskrift

Verneforskrifta § 4 bokstav b er endra ved at *fiske* er fjerna då det ikkje er fiskevatn i verneforslaget.

## Kommentarar til verneforskrifta for Lægdene naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som vedlegg. Under er einskilde paragrafar kommentert.

### § 3 Vernereglar

*I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.*

*I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:*

- e. Brenning av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk.*

**Kommentar:** Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområder. Verneforslaget er for det meste ikkje del av noko kartlagt friluftslivsområde. Berre ein liten del av området i nordaust, går så vidt inn i Saudafjella friluftslivsområde med verdi *viktig*. Dette friluftslivsområdet dekker store fjellområde kring Saudafjorden og har ikkje inkludert dalsidene og lisdene ned mot fjorden. Lægdene naturreservat vil truleg ikkje vere gjenstand for sær s mykje friluftsliv, då det er svært bratt og har til dels ustabil terreng, i tillegg ligg det ikkje nært folkerike område og heller har ikkje til rettelegging for friluftsliv i nærleiken. Det bratte og til dels ustabile terrenget skapar også ei større mengd døde småkvist. Statsforvaltaren vurderer difor at Lægdene naturreservat toler eventuell frekvens av bålbrenning. Likevel bør alle vere merksam på at området er verna fordi det inneheld eit verdifullt skogområde, verdifulle tre og livsmiljø og sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrenning utgjer ein risiko i skogen, og me ønsker at alle som ferdast der, tek omsyn til risikoen for villbrann i Lægdene naturreservat.

### § 4 Generelle unntak frå vernereglane

*Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for*

- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

**Kommentar:** Statsforvaltaren vurderer at Lægdene naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

### § 5 Regulering av ferdsel

*I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:*

- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande traktorveg vist på vernekartet.*

**Kommentar:** Statsforvaltaren vurderer at traktorvegen i Lægdene naturreservat toler eventuell frekvens av sykling, riding og bruk av hest.

*§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar*

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til*

- e. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og oppslag frå avverka plantefelt av gran, samt spreining frå desse.*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut gran frå plantefelt og andre utanlandske treslag som er spreitt i naturreservatet.

**Statsforvalterens tilråding for Lægdene:**

Statsforvaltaren tilrår å gje verneforslaget Lægdene formelt vern som naturreservat. Vern vil sikra langsiktig bevaring av eit stort og samanhengande skogområde med den nær trua naturtypen *frisk rik edellauvskog* og gammal furuskog med høg strukturell kvalitet med god naturskognærleik. Frisk rik edellauvskog er ein prioritert skogtype i denne regionen, og eit viktig bidrag til å ta vare på biologisk mangfald.

### 6.3 Baklåsjuvet naturreservat, Suldal kommune

Totalareal 374 dekar.

Skogareal totalt 372 dekar.

Produktiv skog 174 dekar.

#### Verneformål og særskilte verneverdiar:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. representerer ein bestemt type natur i form av naturtypen lågurtedellauvskog med innslag av store gamle edellauvtre og osp
- b. inneheld område av trua, sjeldan eller sårbar natur i form av den trua naturtypen lågurtedellauvskog.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

Baklåsjuvet ligg på nordvestsida av Sandsfjorden, frå Brattaberg i sør til Midvik i nord. I nordvest og sørvest grensar verneforslaget mot fylkesveg 46, Indre Ryfylkevegen, mens vestgrensa elles er trekt for å famna Baklåsjuvet.

Baklåsjuvet har høge skogvernverdiar med ein skogvernindeks på 5,25, noko som er ein særleg god verdi i Rogaland og indikerer stor regional og mot nasjonal verneverdi. Verdiane er særleg knytte til høgt naturgitt mangfald og god naturskognærleik. Verneforslaget er dominert av rik edellauvskog, med stor førekomst av eik og innslag av ask (EN), lind (NT) og hassel. Store delar av området inneheld den trua naturtypen *lågurtedellauvskog*, vurdert som sårbar (VU). Skogen har høg strukturell variasjon, med grove og gamle edellauvtre, spreidd førekomst av furu og eit tydeleg skifte mot furudominert skog i dei høgareliggjande areala og i Baklåsjuvet. Særleg stor førekomst av osp gir viktige leveområde for fugl og er av særleg stor verdi for spettefuglar. Naturskognærleiken i området er basert på god førekomst av gamle store tre, både liggande og ståande død ved i ulike nedbrytingsstadium, og vitnar om skog med lang kontinuitet.

Det er førebels registrert få raudlisteartar, berre ask (EN) og barlind (VU) er funne, samt ansvarsarten kystsotmose. Samstundes har området eit stort potensial for fleire truga og nær truga artar, særleg knytt til sopp i lågurtedellauvskog. Kartleggingar er gjennomført om våren, og sentrale artsgrupper kan difor ikkje vere fanga opp fullt ut, noko som tilseier at den reelle biodiversiteten truleg er høgare enn det som er kjent i dag.

Statsforvaltaren vurderer at Baklåsjuvet har stor verneverdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med den trua naturtypen *lågurtedellauvskog* som er vurdert til sårbar (VU) og er ein prioritert naturtype i vår region. Slike skogar kan husa ei lang rekke raudlista artar. Området dekkjer også manglar i skogvernet ved at det er lågareliggjande areal (< 300 moh) og har god bonitetsfordeling, samt at det ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon som gir eit oseanisk, fuktig og varmekjært klima med ein eksposisjon mot aust som kan gje ytterlegare potensiale for regnskogartar.

Baklåsjuvet vil etablere eit godt økologisk nettverk med Øyna naturreservat som ligg berre 1,5 km lenger sør i Sandsfjorden.

#### Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er ikkje registrert særskilte interesser i området.

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av foreslått verneområde og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial. Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar og ingen kartlagde friluftsområde i nærleiken.

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Heile verneforslaget er i kommuneplan for Sauda kommune avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (*LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden*).

### **Samandrag av høyringsfråsegnene:**

Alle verneforslaga i denne tilrådinga blei sendt på samla høyring 02.02.2026. Høyringsmottakarane er difor dei same og omfattar grunneigarar, naboar til verneforslaga og alle kommunane i Rogaland, jf. adresselista som også er vedlagt tilrådinga. Vidare blei høyringa sendt til alle lokale, regionale og nasjonale instansar, jf. adresselista, og oppgitt under verneplanen for Lægdene i avsnitt 6.3.

Det har kome inn 5 høyringsuttalar til verneforslaget Baklåsjuvet. Til oppstartsmeldinga kom 9 merknader.

Bane NOR, Jernbanedirektoratet og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har uttala seg og har ingen merknader til verneforslaget.

Forum for natur og friluftsliv Rogaland (FNF Rogaland) har uttala seg og vil gje ein tydeleg positiv uttale og støtte til det langsiktige arbeidet med frivillig skogvern som et av de viktigaste verkemidlane for å ta vare på norsk naturmangfald. Dei peiker på at området representerer verdifull og til dels sjeldan skognatur som inkluderer edellauvskog. Dei støttar at tradisjonelt og enkelt friluftsliv som ferdsel, bærplukking og jakt framleis skal vere tillate, og seier dette er viktig for innbygarane sine moglegheiter til naturopplevingar og folkehelse. Dei stillar seg fullt og heilt bak Statsforvaltarens tilråding.

Rogaland fylkeskommune uttalar at verneforslaget er positivt for friluftslivet då urørt eller lite påverka skogsområde gir ein særeigen naturoppleving. Ved vern tar ein vare på slike område for framtida. Frå eit friluftslivsperspektiv er det ønskeleg at en legg til rette for at områda er opne for allmenten til enkel ferdsel og bruk.

Suldal kommune er generelt positive til vern av Baklåsjuvet med avgrensinga som er føreslått. Området må reknast som relativt utilgjengeleg for folk flest, og kommunen kjenner ikkje til bruk og aktivitet i området i dag som kan skapa konflikt med vernet. Dei har nokre kommentarar til historie og namn i området, men har inga innvending mot Baklåsjuvet. I juvet som også er nemnd som Knapphålsjuvet, skal det vere ei sprekke kor flaggermus held til.

### **Statsforvaltarens kommentarar:**

Verneområdet vil vere ope for enkelt friluftsliv utan tilrettelegging, med rett til å sanke bær og matsopp og drive jakt og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.

Det vil vere kjekt om det finst habitat for flaggermus i verneforslaget.

### **Viktige endringar etter høyringa i Baklåsjuvet naturreservat**

Tilbudsarealet heitte opphavleg Andvika, men blei endra til Baklåsjuvet allereie i oppstartsmeldinga. Det har ikkje kome merknader i høyringa som endrar dette.

## Kommentarar til verneforskrifta for Baklåsjuvet naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som vedlegg. Under er einskilde paragrafar kommentert.

### § 3 Vernereglar

*I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.*

*I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:*

- e. Brenning av bål er forbode.*

Kommentar: Forbod mot bålbrenning er standard i skogvernområder. Statsforvaltaren ser ikkje at det finst særleg godt eigna stader å tenna opp bål i det foreslåtte verneområdet Baklåsjuvet naturreservat. Området er verna fordi det inneheld eit verdifullt skogområde, verdifulle tre og livsmiljø og sjeldne og sårbare artar, inkludert fleire tre. Bålbrenning utgjer ein risiko i skogen, og Statsforvaltaren ønsker ikkje ta den risikoen i Baklåsjuvet naturreservat.

### § 4 Generelle unntak frå vernereglane

*Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for*

- g. oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Baklåsjuvet naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

### § 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til*

- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag, samt spreiiing av desse.*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut utanlandske treslag som er spreitt i naturreservatet.

## Statsforvalterens tilråding for Baklåsjuvet:

Statsforvaltaren tilrår å gje verneforslaget Baklåsjuvet formelt vern som naturreservat. Vern vil sikra langsiktig bevaring av eit stort og samanhengande skogområde med den trua naturtypen *lågurtedellauvskog*, skog med høg strukturell kvalitet og god naturskognærleik. Lågurtedellauvskog er ein prioritert skogtype i denne regionen, og eit viktig bidrag til å ta vare på biologisk mangfald.

## 6.4 Søre Rekedal naturreservat, Sokndal kommune

Utviding 149 daa. Totalareal 267 dekar.

Skogareal totalt i utvidinga 141 dekar.

Produktiv skog i utvidinga 128 dekar.

### Verneformål og særskilte verneverdiar:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur som lågurtedellauvskog og frisk rik edellauvskog, stadvis med svartordominans og stadvis med eik, samt rik svartorsumpskog
- representerer ein bestemt type natur med edellauvskogar med ulike utformingar
- på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald då førekomstane av svartorfastmarkskog utgjer viktige typeområde for slik skog på Sørvestlandet.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikla dei.

Rekedal naturreservat ligg rett nord for Rekefjorden og litt sør for Rekeland i Sokndal kommune. Nytt verneforslag ligg rett sør for eksisterande Rekedal naturreservat og følgjer eigedomsgrenser i aust, er avgrensa av eit plantefelt i sør og følgjer elva som renn forbi Rekedal i sørvest. Utvidinga vil føra til at verna areal får ei meir heilskapleg og naturleg avgrensing av edellauvskogen i området.

I mest heile verneforslaget er det kartlagt raudlista naturtypar av typane frisk rik edellauvskog (NT) og rik svartorsumpskog eller kjelde-edellauvskog (begge VU). I tillegg nemnast rasmark-almeskog i skograpporten. Saman med det eksisterande verneområdet gir det stor førekomst av fleire ulike typar rik edellauvskog med frisk rik edellauvskog (NT) som inkluderer lindeskog og rasmark-almeskog, og rik svartorsumpskog (VU), samt lågurtedellauvskog (VU). Rik svartorskog både på fastmark og på våtmark er skildra både i eksisterande naturreservatet og i den tilbodne utvidinga. Dette er skogtypar som ikkje er så vanlege, verken i vår region eller nasjonalt. Det finst ganske velutvikla og artsrike lungenever-samfunn på eik og alm, noko som indikerer fuktig mikroklima. Edellauvskogen har for ein stor del rik bakkevegetasjon og er dominert av eik, men inneheld betydelege førekomstar og stadvis dominans av svartor, mykje lind (NT), hassel og alm (EN). Per april 2026 er det registrert 8 trua og nær trua arter, fordelt på 19 observasjonar i verneforslaget (tabell 2). Av desse er det 7 nye arter som ikkje er funne i det eksisterande naturreservatet. Samla sett vil det, i utvidinga og eksisterande Rekedal naturreservat (per april 2026), vere registrert 12 trua og nær trua arter, fordelt på 30 observasjonar. Tre av desse er sterkt trua (EN), fire er sårbare (VU), og fem er nær trua (NT).

Tabell 2. Trua og nær trua artar funne og registrert innanfor verneforslaget ved Rekedal og eksisterande verneområde.

Norsk namn	Latinsk namn	Raudliste-vurdering	Utviding, tal registreringar	Rekedal naturreservat, tal registreringar
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	EN	3	5
Kransporelav	<i>Sticta ciliata</i>	EN	4	
Trollpraktlav	<i>Cetrelia olivetorum</i>	EN		1
Tussepraktlav	<i>Cetrelia cetrarioides</i>	VU	1	
Kjøttkraterlav	<i>Gyalecta carneola</i>	VU	4	
Rød stuvlav	<i>Thelopsis rubella</i>	VU	2	
Villeple	<i>Malus sylvestris</i>	VU		1
Lind	<i>Tilia cordata</i>	NT	1	
Olivenfiltlav	<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	NT	2	
Ringstry	<i>Usnea flammaea</i>	NT	2	
Vasshalemose	<i>Isothecium holtii</i>	NT		1

Området ser òg ut til å vere eit godt habitat for spettefuglar. Grønspett er registrert innanfor verneforslaget og dvergspett og gråspett er registrert berre få meter utanfor. Truleg vil dei også nytta skogen i verneforslaget.

Når det gjeld naturskognærleik skårar tilbodsarealet nokså lågt då det er preg av tidlegare hard ressursutnytting, men det er likevel registrert gamal eikeskog med god mengde død ved, både liggande og ståande, samt noko innslag av store gamle edellauvtre.

Tilbodsarealet skårar relativt lågt på storleik, som utgjer 1/3 av skogvernindeksen. Sett i samanheng med det eksisterande naturreservatet, vil det likevel samla sett bli eit naturreservat på over 400 daa som famnar godt edellauvskogen i området.

Statsforvaltaren vurderer at tilbodsområdet har stor verneverdi og fyller godt manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er lågareliggande skog (<300 moh), i boreonemoral (varmekjær) vegetasjonssone på høg og særskild høg skogbonitet. Verneforslaget har store areal av fleire sjeldne og sårbare skognaturtypar av typen rike edellauvskogar som er prioritert i vår region. Verneforslaget husar fleire trua og nær trua artar som utgjer ei betydeleg auke i vern av sårbare artar sett saman med det eksisterande naturreservatet. Saman med det eksisterande verneområdet vil utvidinga bidra til eit stort verneområde med godt kjerneareal som famnar edellauvskogen i området med god arrondering frå vassdraget i vest til toppen av åsryggen i aust.

Verneforslaget har saman med Rekedal naturreservat eit godt økologisk nettverk med fire andre naturreservat, Adnaråsen ca. 800 meter mot nord, Eikebakka og våtmarksområdet Årstad, hhv. 2,5 km og 1,8 km mot søraust og Nesvåg 3,5 km mot sørvest.

#### **Inngrepsstatus og andre interesser:**

Det er ingen kraftleidningar i eller i nærleiken av foreslått verneområde og det er ikkje registrert digitale vasskraftpotensial. Det er ingen registrerte interesser i geologiske kartdatabasar og ingen kartlagde friluftsområde.

Verneforslaget ligg i eit kartlagd friluftsområde av typen *stort turområde utan tilrettelegging* med områdeverdi svært viktig.

Det er ingen registrerte kulturminne eller SEFRAK-bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Heile verneforslaget er i kommuneplan for Sokndal kommune avsett som LNFR-område til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (*LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og tilknytt garden sin næringsverksemd og basert på ressursgrunnlaget på garden*).

#### **Samandrag av høyringsfråsegnene:**

Alle verneforslaga i denne tilrådinga blei sendt på samla høyring 02.02.2026. Høyringsmottakarane er difor dei same og omfattar grunneigarar, naboar til verneforslaga og alle kommunane i Rogaland, jf. adresselista som også er vedlagt tilrådinga. Vidare blei høyringa sendt til alle lokale, regionale og nasjonale instansar, jf. adresselista, og oppgitt under verneplanen for Lægdene i avsnitt 6.3.

Det har kome inn 8 høyringsuttalar til verneforslaget utviding av Rekedal. Til oppstartsmeldinga kom 8 merknader.

Bane NOR, Jernbanedirektoratet og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har uttala seg og har ingen merknader til verneforslaget.

Forum for natur og friluftsliv Rogaland (FNF Rogaland) har uttala seg og vil gje ein tydeleg positiv uttale og støtte til det langsiktige arbeidet med frivillig skogvern som et av de viktigaste verkemidlane for å ta vare på norsk naturmangfald. Dei peiker på at området representerer verdifull og til dels sjeldan skognatur som inkluderer edellauvskog og rik sumpskog. Dei støttar at tradisjonelt og enkelt friluftsliv som ferdsel, bærplukking og jakt framleis skal vere tillate, og seier dette er viktig for innbyggjarane sine moglegheiter til naturopplevingar og folkehelse. Dei stillar seg fullt og heilt bak Statsforvaltarens tilråding.

Naturvernforbundet i Dalane støttar verneprosessen med utviding av Rekedal naturreservat. Dei meiner området er særleg verdifullt med mange registrerte raudlista artar spreitt over mest heile arealet.

Rogaland fylkeskommune uttalar at verneforslaget er positivt for friluftslivet då urørt eller lite påverka skogsområde gir ein særeigen naturoppleving. Ved vern tar ein vare på slike område for framtida. Frå eit friluftslivsperspektiv er det ønskeleg at en legg til rette for at områda er opne for allmenten til enkel ferdsel og bruk. Fylkeskommunen påpeiker at Rekedal ligg innanfor det kartlagde og verdsette friluftsområdet Rekedal (ID FK 00048724).

Grunneigar på gnr./bnr. 70/1 ønsker ikkje ny verneforskrift.

Språkrådet har, etter førespurnad, kome med eit innspel om namn på det nye verneforslaget og foreslår Søre Rekedal naturreservat.

#### **Statsforvaltarens kommentarar:**

Alle verneforslaga er opne for enkelt friluftsliv utan tilrettelegging, med moglegheit for sinking av bær og matsopp og jakt. Statsforvaltaren meiner at friluftslivet ikkje blir påverka eller forringa på grunnlag av vernet.

Statsforvaltaren sett pris på støtta me får i verneprosessane og er takksam for innspel om verneverdiar.

Statsforvaltaren tar til etterretning at grunneigar på gnr./bnr. 70/1 ikkje ønsker ny verneforskrift. I samråd med Miljødirektoratet er det avklart at løysinga blir å oppretta eit nytt tilgrensande verneområde med nytt namn og ny verneforskrift der delar av det eksisterande vernet er med.

### **Viktige endringar etter høyringa i Rekedal naturreservat**

#### **Namn**

Rekedal naturreservat blir endra til Søre Rekedal naturreservat. Grunngjeving er gitt under.

#### **Avgrensing**

Det er ikkje gjennomført endring i avgrensinga for utvidinga av Rekedal naturreservat etter høyringa. Statsforvaltaren tilrår likevel at utvidinga saman med ein del av eksisterande verneområde blir etablert som eit nytt verneområde med nytt namn og ny verneforskrift. Samstundes tilrådest at eksisterande Rekedal naturreservat får endra vernegrense som omfattar berre gnr./bnr. 70/1. Nytt areal for Rekedal naturreservat til 136 dekar.

Det blir også tilrådd at når vernegrensene som no teiknast på nytt, tar ein utgangspunkt i og følger matrikkelførte eigedomsgrenser. Difor tilrår Statsforvaltaren at gnr./bnr. 70/2 som berre dekker om lag 95 m<sup>2</sup> tas ut av vernet. Denne justeringa vurderast ikkje å påverke verneverdiane nemneverdig, og er så liten at det ikkje verkar inn på arealet oppgitt i heile dekar.

## Verneforskrift

Verneforskrifta blei sendt på høyring 02.09.2025. Etter høyringa har det blitt gjort endring av arealet og kva eigedommar som inngår.

Etter høyringa var det klart at ikkje alle grunneigarane i det eksisterande verneområdet Rekedal naturreservat ønskte ny verneforskrift. Difor tilrår Statsforvaltaren at verneforskrifta frå 1984 berre blir endra med omsyn til kva for eigedommar som inngår i vernet, berre gnr./bnr. 70/1, og dermed også storleiken på arealet. Verneforskrifta elles blir lik som den har vore. Gnr./bnr. 70/2 blir også tatt ut av vernet, sjå grunngeving i førre avsnitt.

Sørvestleg del av eksisterande verneområde, gnr./bnr. 71/1, 71/2 og 71/3, saman med utvidinga, blir foreslått oppretta som eit nytt naturreservat med ny verneforskrift, Søre Rekedal naturreservat.

## Kommentarar til verneforskrifta for Søre Rekedal naturreservat

Verneforskrifta er lagt ved høyringa som vedlegg. Under er einskilde paragrafar kommentert.

### § 3 Vernereglar

*I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.*

*I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:*

- e. *Brenning av bål er forbode.*

Kommentar: Forbod mot bålbrekking er standard i skogvernområder. I verneforskrifta § 3 a. står det at «*Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet.*». Området er verna fordi det inneheld verdifull skog, verdifulle tre og livsmiljø, samt sjeldne og sårbare artar. Både eksisterande verneområde og foreslått utviding ligg inne i eit kartlagt friluftsområde med verdi - *svært viktig* (FK00048724, Naturbase eller Temakart Rogaland – Friluftsliv). Statsforvaltaren vurderer at friluftslivsferdsel med bålbrekking kan utgjere ein påverknad ved at tørrkvist og brensel nyttast. Bålbrekking kan også utgjere ein risiko for villbrann, og den risikoen ønsker me ikkje i Søre Rekedal naturreservat.

### § 4 Generelle unntak frå vernereglane

*Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for*

- e. *skånsam beiting*

Kommentar: Rekedal naturreservat inneheld edellauvskog med mange artar edellauvtre der nokre er trua og nær trua, alm (EN), villeple (VU) og lind (NT). Hardt beite kan skade edellauvtrea og hindre oppvekst av nye, unge tre. Det er særleg dette siste som er ei bekymring i ein skog som nyttast aktivt til beite. Beitepresset må ikkje bli for høgt til at nye, unge lauvtre klarar å etablera seg. Ein viktig grunn for å ta med *skånsam* beiting, er at det i 2025 blei hogd ut eit større granplantfelt, kor ein mindre del stod inne i eksisterande naturreservat. Statsforvaltaren vurderer at det kan vere naudsynt å kunne regulere beitetrykket i skogen slik at området ikkje blir beitemark, men slik at det får veksa opp tre av dei same artane som finst skogreservatet og utvidinga i dag, til dømes eik, alm, lind hassel og svartor.

### § 4 Generelle unntak frå vernereglane

*Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for*

- g. *oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt*

- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at Rekedal naturreservat toler eventuell frekvens av mobile jakttårn og forsiktig rydding av småbuskar og kvist.

#### *§ 5 Regulering av ferdsel*

*I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:*

- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande traktorveg vist på vernekartet.*

Kommentar: Statsforvaltaren vurderer at traktorvegen i Rekedal naturreservat toler eventuell frekvens av sykling, riding og bruk av hest.

#### *§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar*

*Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til*

- d. oppsetting og vedlikehald av gjerde*

Kommentar: På hogstflata inne i naturreservatet ønsker Statsforvaltaren å kunne regulere beitetrykket slik at skogområdet ikkje blir beitemark, men slik at det får veksa opp tre av dei same artane som finst elles i skogreservatet i dag, til dømes eik, alm, lind hassel og svartor. Å kunne sette opp gjerde slik at dette området ikkje får like hardt beitetrykk som grunneigar ønsker på resten av hogstflata er helt naudsynt for å oppnå ønska effekt med oppvekst av tre og skogsplantar. For høgt beitetrykk vil gi dominans av grasartar og overgang til beitemark.

- f. uttak og ringbarking av utanlandske treslag og oppslag frå avverka plantefelt av gran, samt spreiiing frå desse.*

Kommentar: Statsforvaltaren ser det som naudsynt å kunne ta ut gran som er spreitt i frå det avverka plantefeltet og eventuelle andre utanlandske treslag.

#### **Statsforvalterens tilråding for utviding ved Rekedal:**

Statsforvaltaren tilrår å gje utvidinga ved Rekedal formelt vern som naturreservat. Statsforvaltaren tilrår vidare at den tilbodne utvidinga blir slått saman med ein del av eksisterande naturreservat, og at dette blir eit nytt verneområde med nytt namn, Søre Rekedal naturreservat, og ny verneforskrift. Vern vil sikra langsiktig bevaring av eit stort og samanhengande skogområde med fleire trua og nær trua naturtypar av rike edellauskogar, og der utvidinga tilfører område fleire nye trua og nær trua artar. Rike edellauskogar og rik myr og sumpskogsmark er prioriterte skogtypar i vår region, og eit viktig bidrag til å ta vare på biologisk mangfald.

Statsforvaltaren tilrår samstundes at eksisterande verneområde Rekedal naturreservat beheld vernereglane i eksisterande verneforskrift, men at verneforskrifta blir endra med omsyn til areal og kva eigedommar som inngår.

## 7. Vedlegg

Vedlegga følger sendinga og ligg også på Statsforvaltarens si heimeside.

- Vedlegg 1. Kart og forskrift Lægdene naturreservat
- Vedlegg 2. Kart og forskrift Baklåsjuvet naturreservat
- Vedlegg 3. Kart og forskrift utviding ved Rekedal naturreservat
- Vedlegg 4. Tilrådingskart Rekedal naturreservat, ny avgrensing
- Vedlegg 5. Naturgrunnlag 1 Lægdene
- Vedlegg 6. Naturgrunnlag 2 Lægdene
- Vedlegg 7. Naturgrunnlag Baklåsjuvet
- Vedlegg 8. Naturgrunnlag utviding ved Rekedal
- Vedlegg 9. Avveging skogbruk – skogvern
- Vedlegg 10. Avveging skogbruk – skogvern
- Vedlegg 11. Avveging skogbruk – skogvern
- Vedlegg 12. Innspel høyring Lægdene
- Vedlegg 13. Innspel høyring Baklåsjuvet
- Vedlegg 14. Innspel høyring Rekedal
- Vedlegg 15. Innspel oppstart Lægdene
- Vedlegg 16. Innspel oppstart Baklåsjuvet
- Vedlegg 17. Innspel oppstart Rekedal
- Vedlegg 18. Adresseliste